



Fjelberg prestegjeld

Nr 3/3 Desember 2007 23.Årg.

Stille natt – heilage natt

Vi kan seia: "Var det ikkje for det og det, så hadde det ikkje hendt." Var det ikkje for ei mus, hadde vi ikkje hatt den kan henda mest kjende av alle julesongar: "Glade jol, heilage jol."

Det byrja med morgonen julaftan i året 1818. I den lille østerriske landsbyen Oberndorf er den unge hjelpepresten Joseph Mohr på veg til kyrkja. For å gjera historia kort: I kyrkja treff han Franz Gruber, organisten som og er lærar. Han kjem styrande mot han og fortel oppskaka at orgelet er øydelagt. Belgen er lekk, og orgelet streikar. Læret på orgelbelgen var gjennomhulla og ikkje andre enn ei lita mus hadde gjort det. Kva skulle dei no gjera? Presten Joseph Mohr ville gi soknebarna sine ein ny julesong til trøyst for at kyrkjeorgelet var i ustand under julegudstenesta. Organisten Franz Gruber sette melodi til.

Songen heiter på tysk: Stille Nacht, heilige Nacht – rett omsett vert det: Stille natt, heilage natt.

Heilage natt

Mørke og natt høyrer saman og er eit bilete på det vonde og vanskelege. I Guds verd har noko alvoramt hendt. Mennesket, Guds ypperste skapning, har med sin vondskap vendt ryggen til Gud. Mørket har fått rom i verda. Den heilage natta skjer noko ufatteleg, noko uhøyr. Ein engel fortel nokre redde gjetarar ute på Betlehemsmarkene at ein frelsar er fødd. Han er Kristus, Herren. Eit under har skjedd, Guds under. Gud sjølv er kome til oss som eit lite, hjelpe-laust barn. Slik tar jorda himmelen i sin fann. Gud vart menneske for alltid å vera oss nær.

Stille natt

Om natta søv vi. Difor er det stilt. Men julenatt var nokon vakne: Maria og Josef og kan henda den nyfødde og gjetarane ute på Betlehemsmarkene. Dei opplevde som vakne ei stille natt. Dei var stille innfor den heilage – innfor Guds under. Himmelen smilar frå munnen til barnet.

Eg hugsar ved juletider for nokre år tilbake at ein prest i ei avis oppmoda lesarane om å gå i fjøset julekvelden for å vera stille for juleunderet. Eg trur det viktigaste i julen skjer der menneske vert stille for juleunderet, let det få tala til dei om frelsa.

Glade jul

Der menneske gir rom for juleunderet, frelsaren Jesus, i sitt hjarta, der vert julesongen til som i den lille østerriske landsbyen Oberndorf i 1818. Der syng dei: "Glade jol, heilage jol," og "Fred på jord, fryd på jord! Jesusbarnet det er vår bror."

Gledeleg jul!

TN

Festgudsteneste med ny messehakel

Det var festgudsteneste med ny messehakel søndag 14. oktober i Fjelberg kyrkje. I gudstenesta vart det markert at kyrkja er 285 år.

Sokneprest Terje Nag leia gudstenesta, prost Svein Arne Theodorsen tala og lyste velsigninga og tekstilkunstnar Karoline Emmerhoff fortalte om den nye messehakelen som ho hadde laga. Kari Tarberg deltok med fløytespel. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi i prestegarden. Karoline Emmerhoff fekk ord til takk for den flotte messehakelen ho hadde laga, likeså dei som hadde arbeidd med saka.

Den nye messehakelen er grøn. Den grøne fargen fortel om vekst og flest søndagar i kyrkjeåret

har den fargen. Den høyrer til openberringstida og andre halvår av kyrkjeåret. På framsida av messehakelen finn vi bokstavane IHS. Dei er dei fyrste bokstavane i orda Jesus Hominum Salvator på latin som tyder Jesus, menneskenes frelsar. Symbolet er frå ca. 800 e. Kr. I symbolet på bakstykket ser vi ein kross som ein vinranke spring ut av. Det fortel om sambandet mellom Jesu død på krossen og kyrkjelyden sin nattverdfeiring.

Fjelberg kyrkje har fått eit vakkert festplagg til nattverdfeiring og til festgudstenester.

TN



Den nye messehakelen

Kurs for medarbeidarar i Zoar
7/2 kl. 18.30 – 21.00.
Alle er velkomne. Sjå side 3

KVA HENDER I FJELBERG PRESTEGJELD

Eit meldingsblad for Fjelberg prestegjeld

Redaksjonen:

Soknepresten 53 47 62 47
Norunn Agdestein 53 47 64 64
Harald Thuestad 53 47 27 76
Reidar Sølve Jakobsen 53 47 62 82
(kasserar)

KYRKJELEGE ARBEIDARAR:

Terje Nag 53 49 40 64
Sokneprest

Marit Lindekleiv 53 47 15 51
Organist

Grete Svalland 53 47 64 72
Kontormedarb.

Fjelberg og Eid sokneråd:

Oddmund Tofte 53 47 40 81
Soknerådsformann

Fjelberg kyrkje:

Grete Svalland 53 47 64 72
Kyrkjetenar/klokkar

Eid kyrkje:

Håvard Eide 53 47 64 20
Klokkar

Idar Bjørgen 53 47 72 55
Kyrkjetenar/gravar

Kontortid, kyrkjekontoret.

Tysdag og torsdag kl. 11.00-14.00

Telefon 53 47 62 47
Fax 53 47 20 22

Internettsider:

www.kyrkja-kvinnherad.no
www.menighetsblad.no

e-mail til redaksjon:

red.fjelberg@knett.no

Trykking og utsending av blad kostar. Det vert ikkje billigare med åra. Ønsker DU å støtta til, kan du betala til kontonummer: 3520.58.66947. All hjelp tas imot med TAKK.

I GLEDE OG SORG

DØYPTE I EID KYRKJE

02.09.07 Isabella Johnsen
02.09.07 Alma Sæbø Midteng
30.09.07 Marthe Alvær Kristensen
30.09.07 Maria Trovik Awazge
30.09.07 Siren Alvær Sjø
04.11.07 Tobias Eide Ommer
04.11.07 Tomine Lygre

GRAVLAGDE I FJELBERG KYRKJE

04.09.07 Torvald Kristoffer Solheim

GRAVLAGDE I EID KYRKJE

20.09.07 Lars Kolbeinstvedt Juel
02.10.07 Henrik Emmerhoff
02.11.07 Jakob Peder Eide
27.11.07 Olav Særsten

Tomasmesse

Søndag 10. februar kl. 19.00 vert det Tomasmesse i Eid kyrkje. Namnet på gudstenesta er knytta til Jesu læresvein Tomas. Han tvilte på at Jesus var stått opp frå dei døde. Tomasmessa er tvilaren si messe, ei messe der søkjande menneske kan koma for å leita og kan henda finna noko av det dei leitar etter. Tomasmessa er ein stad for kjensler og sansar. Det er ein stad kor ein kan tenna lys, verta bedt for, gå til nattverd eller sitja roleg i benkeradene. Song og musikk har ein viktig plass i Tomasmessa. I staden for tale er det vitnemål. Gudstenesta er basert på dei liturgiane vi finn i Altarboka om forbøns- og nattverd-gudsteneste, med innslag frå den finske Tomasmessa. Velkomen til Tomasmesse!

TN

Konfirmasjonsdagar våren 2008

Konfirmasjonsdagane vert slik:
søndag 27/4 kl. 11.00 i Fjelberg kyrkje
laurdag 3/5 kl. 11.00 i Eid kyrkje
søndag 4/5 kl. 11.00 i Eid kyrkje

Gudstenestene i Høylandsbygd

Sidan bedehuset i Høylandsbygd er under ombygning, vert dirfor gudstenestene flytta til Husmorstova inntil vidare

H.T

Gudstenesteliste for Fjelberg og Eid

24.des	Kl 14.00 Kl 15.30 Kl 17.00	Eid	Julekveldsgudsteneste
24.des	Kl 16.00	Fjelberg	Julekveldsgudsteneste
25.des	Kl 12.00	Eid	Høgtidsgudsteneste
31.des	Kl 16.00	Eid	
06.jan	Kl 11.00	Eid	
13.jan	Kl 11.00	Høylandsbygd	
20.jan	Kl 11.00	Eid	Familiegudsteneste, bok til 1.kl.
27.jan	Kl 11.00	Fjelberg	Nattverd
03.feb	Kl 11.00	Høylandsbygd	Familiegudsteneste, Barnas misjonsdag
10.feb	Kl 19.00	Eid	Tomasmesse, Nattverd
17.feb	Kl 11.00	Fjelberg	Nattverd
29.feb	Kl 18.00	Eid	Tenkedagsgudsteneste, Speidarane
02.mars	Kl 11.00	Fjelberg	Familiegudsteneste, bok til 1.kl.
09.mars	Kl 11.00	Eid	Nattverd
16.mars	Kl 11.00	Høylandsbygd	
20.mars	Kl 11.00	Eid	Nattverd
21.mars	Kl 11.00	Fjelberg	
23.mars	Kl 11.00	Eid	Høgtidsgudsteneste
24.mars	Kl 11.00	Fjelberg	Høgtidsgudsteneste, nattverd
06.apr	Kl 11.00	Eid	Nattverd
20.apr	Kl 17.30	Eid	Samtalegudsteneste
27.apr	Kl 11.00	Fjelberg	Konfirmasjon
01.mai	Kl 11.00	Fatland bedehus	Helgetorsdag
03.mai	Kl. 11.00	Eid	Konfirmasjon
04.mai	Kl 11.00	Eid	Konfirmasjon

Julaftan i Fjelberg kyrkje og 1.juledag i Eid kyrkje

I år vert det gudsteneste i Fjelberg kyrkje på julaftan, 24/12 kl. 17.00.

Høgtidsgudsteneste i Eid kyrkje 25/12 kl. 12.00

Kurs for medarbeidarar

Vi vil følgja opp den fine medarbeidarfesten i vår med kurs for medarbeidarar. Det vert **7. februar kl. 18.30 – 21.00 i Zoar**. Prost Svein Arne Theodorsen vert med oss som sist. I programmet tek vi oss ein enkel matøkt. Utan medarbeidarane ville vi ikkje nådd langt med kyrkjelydsarbeidet. Dei er ein stor ressurs for kyrkjelyden. No er det slik at det er godt for oss å koma saman i mange høve – også som medarbeidarar. I kurset for medarbeidarar vil vi gi påfyll og inspirasjon til den vidare tenesta i kyrkjelyden. Samtidig vil vi seia: "Du er einestående. Du er du og du duger." Om du har ei bestemt teneste i kyrkjelyden eller ei – like velkomen er du til å vera med på kurset.

TN

KonfCamp 08

Det vert KonfCamp 08 i veke 27, måndag 30/6 til søndag 6/7-08. Eg vil arbeida for at konfirmantar får tilbod om å reisa. For å få det til er vi mellom anna avhengige av nok foreldre som leiarar på turen.

TN

Rapport fra konfirmantarbeidet.

Etter uker med planlegging av konfirmantarbeidet kunne vi invitere de håpefulle sammen med foreldre til "kick-off party" den 29. august på Bedehuset Zoar. Her blei opplegget fram imot konfirmasjonsdagen presentert og vi hadde et godt måltid mat med dessert sammen. Arbeidet er basert på U-alpha prinsippet med lokale tilpasninger.

Helga 8.-9. september hadde vi første samlinga vår. Vi pakka soveposen og flytta inn på bedehuset ZOAR den helgen. Her hadde vi det veldig sosialt og fikk god anledning til å bli bedre kjent med hverandre.

Utenom disse samlingene har vi møttes 6 ganger før jul til undervisning. Forts. s 4



Undervisning



Speling

Ei gåve til Eid kyrkje

Framfor meg har eg ei gåve frå Fredrik Øvrevik til Eid kyrkje. Det er eit gammalt trykk av menn som høyrer reformasjonen til. Vi ser åtte menn. På biletet er Martin Luther plassert i midten framme. På hans høgre side sit Philipp Melancthon, på hans venstre side Johannes Huss (Jan Hus). Elles ser vi på biletet: Johann Calvin, Johann Bugenhagen, Gustav II Adolph, Ulrich Zwingli og Ulrich von Hütten.

At Martin Luther har ein slik framstående plass i biletet, er knytta til hans store verd for reformasjonen. Den byrja med han 31. oktober 1517 då han slo opp dei 95 tesar mot avlatshandelen på slottsdøra i Wittenberg.

På biletet har Martin Luther ein Bibel i si venstre hand og si høgre hand på hjarta. Under biletet av han står orda: "Her står eg og kan ikkje

anna. Gud hjelpe meg. Amen." Orda vart sagt til keisaren ved riksdagen i Worms i 1521.

Johannes Huss (Jan Hus) på Luthers venstre side levde frå 1373 – 1415. Han vert rekna som ein forlaupar for reformasjonen. Han har sagt: "Ein større vil koma etter meg som vil fullenda verket mitt." Han døydde som martyr grunna sin reformiver.

Philipp Melancthon på Luthers høgre hand kjempa saman med han. Det var han som skreiv Confessio Augustana i 1530 – Den lutherske kyrkja sitt viktigaste vedkjenningskrift.

Vi kan undra oss over at svenskekongen Gustav II Adolph er tatt med på biletet. Han levde frå 1594 – 1632 og er ein del yngre enn dei andre vi ser. Han høyrer motreformasjonens tid til frå ca.

1560. Det var ein reaksjon mot reformasjonen som tok sikte på å vinna protestantane tilbake til moderkyrkja. Den katolske kyrkja lukkast mange stader som til dømes i Polen.

Gustav II Adolph kjempa for reformasjonen i sak og mista livet sitt i slaget ved Lützen i Tyskland i 1632 kor hæren hans vann. Slik var han med å stansa motreformasjonen i Tyskland.

Frå Martin Luther har vi orda: Skrifta åleine, Kristus åleine og trua åleine. Det er ein viktig samanheng mellom desse orda.

Kyrkjelyden ved Fjelberg og Eid sokneråd vil seia mange takk til Fredrik Øvrevik for gåva til Eid kyrkje.

TN

Julefeiring i 1950-åra

Det er vel få andre helgar som bringar med seg så mange minne og tradisjonar som jula gjer. Når det no nærmar seg jul igjen, dukkar det ofte opp tankar om korleis feiringa var i barndommen min.

No til dags er det mange som har ferdigpynta "julehus" fleire dagar før julafta. Men det var ikkje vanleg på 50-talet, i allefall ikkje i min heim. Men noko var slik som i dag: Me gledde oss veldig til julekvelden. Det var difor svært bra at julafta var ein travel dag, elles hadde nok ventetida blitt veldig lang. Noko av det fyrste som skjedde, var at mamma fyrte i omnen i "storaståvo". Berre DET i seg sjølv tydde at no vart det høgtid. - Det var vel nokså vanleg den gongen at ein hadde ei lita stove til kvardags og ei til fest. Så snart det var blitt lyst nok, fekk me vera med pappa og hogga juletre. Sidan eg vaks opp på ein liten gard, kunne me alltid henta juletreet på eigen grunn. Det var viktig at me ikkje hogg treet for tidleg, for då ville det dryssa før helga var over. Me hadde ikkje juletre fot med vatn den gongen, berre ein trekross som treet

vart sett fast i. Iveren vår var stor mens treet vart pynta. Når alt var ferdig, og det begynte å lukta pinnekjøtt frå kjøkenet, vart tålmodet vårt sett på ein hard prøve: Det var no pappa måtte gå i fjosen for å mjølka dei to kyrne våre. Slik har si faste tid og kunne ikkje startast opp så mykje tidlegare enn vanlege dagar. Og aldri syntest me vel at pappa var så lenge i fjosen som akkurat denne kvelden. Mamma måtte nok svara omatt og omatt på spørsmålet om kva tid pappa var ferdig. Eitt og anna var det vel å høyra på i radioen, men fjernsyn fanst det jo ikkje på den tida, så for det meste måtte me sjølv syta for "å få tida til å gå".

Då eg var lita, var det ikkje gudsteneste i kyrkja på julafta. Difor starta alltid julemåltidet vårt med at pappa las juleevangeliet. Eg hugsar vel spesielt godt den julafta då pappa la bibelen bort til plassen min og sa: "No veit eg at du er blitt så flink til å lesa at du greier å lesa juleevangeliet for oss! Vil du det?" Faktisk hadde eg dei siste dagane tenkt nett same tanken, det vart difor ganske sterkt for meg at pappa viste meg denne tillita, og

svaret vart JA.

Akkurat som i dag, var sjølv sagt høgdepunktet på julafta når me endeleg kom til pakkeutdelinga. Men mamma var svært bestemt på at fyrst skulle oppvasken gjerast. Og det kan vel henda at fleire enn vanleg tok eit tak for å få det unna så fort som mogleg nett den kvelden. Og SÅ kunne me setja oss til rette rundt treet. Sjølv om eg aldri syntest me var fattige, var det langt mellom kvar gong me "fekk noko" - utanom jul og fødselsdagar. Det var difor ei inderleg glede me kjende inni oss når denne stunda kom.

Dei komande dagane hadde også mykje fint å by på. I familien min var det vanleg å ha - eller gå i juleselskap til alle nære slektningar, I tillegg hadde sundagsskulen julefest på Zoar. Alt dette var fine opplevingar, og minna om dei dukkar lett opp i tankane kvar gong ei ny jul nærmar seg.

N.A

Rapport fra konfirmantarbeidet forts.

Lørdag 27. oktober var vi alle til Husneshallen og deltok i NATTCUP i innebandy. Me stilte tre lag i turneringa. Innsatsen blei belønna med en bronsemedalje. Flott jobba !!

Siste sosialsamlinga før jul var "Syng julen inn" på Zoar søndag 9. desember. Foreldre var invitert og her deltok også konfirmantane.

På nyåret gjenstår 6 undervisningsamlinger før samtalegudstjeneste og selve konfirmasjonsdagen gjenstår.

Vi gleder oss..

Helsing Konf teamet.

